

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 111/2009**

av 22. oktober 2009

om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XXI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 103/2009 av 25. september 2009⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 329/2009 av 22. april 2009 om endring av rådsforordning (EF) nr. 1165/98 om konjunkturstatistikk med hensyn til ajourføring av listen over variabler, hyppigheten for utarbeiding av statistikkene og spesifikasjon- og aggregeringsnivået som skal anvendes på variablene⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsforordning (EF) nr. 330/2009 av 22. april 2009 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minste-standardar for handsaming av sesongprodukt i dei harmoniserte konsumprisindeksane (HKPI)⁽³⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XXI til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2 (rådsforordning (EF) nr. 1165/98) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32009 R 0329**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 329/2009 av 22. april 2009 (EUT L 103 av 23.4.2009, s. 3).”
2. Etter nr. 19w (rådsforordning (EF) nr. 701/2006) skal nytt nr. 19wa lyde:
”19wa. **32009 R 0330**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 330/2009 av 22. april 2009 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF)

⁽¹⁾ TEU L 304 av 19.11.2009, s. 21, og EØS-tillegget til EUT nr. 61 av 19.11.2009, s. 16.

⁽²⁾ TEU L 103 av 23.4.2009, s. 3.

⁽³⁾ TEU L 103 av 23.4.2009, s. 6.

nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for handsaming av sesongprodukt i dei harmoniserte konsumprisindeksane (HKPI) (EUT L 103 av 23.4.2009, s. 6).”

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 329/2009 og 330/2009 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. oktober 2009, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 22. oktober 2009.

For EØS-komiteen

O.H. Sletnes

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.